

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 08.05.2013 kl 08:00 – 15.00 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 019/13 - 028/13

Innkalling til møtet var sendt ut den: 03.05.2013 som PDF til nedlasting på nettbrett.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal	Karstein Totland, ordfører	Geir Egil Haugsvær (vara)
Arthur Reidar Sjursen	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	Vebjørn Haugsdal (vara)	
	John Torgeir Torsvik	
	Kjetil Fjellby	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Lene Hansen Kvamsdal	Vigdis Jorunn Søvik

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordfører	Willy Borge	Øystein B. Strand (vara)
Lillian Andvik	Janne Judith K. Sandnes (vara)	Tove K. Sleire Tistel
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Erlend Kvamsdal	Egil Kvingedal

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Ass. rådmann Sveinung Toft
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Alf Strand
Økonomisjef Kristian Moen

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordfører Karstein Totland
Utlevert i møtet:	Velkomstfaldaren til nye innbyggjar
Orientering:	Sparebanken Vest v/regionbanksjef Trygve Våge var invitert til kommunestyret for å orientera i høve nedlegging av bankfilialar
Sp.mål/interpell.:	Frå KrF og AP – sjå side 4
Synfaring:	
Diverse:	Dette var første møte der kommunestyremedlemmene stilte med nettbrett. Utdeling og opplæring fann stad 02.05.2013.

Møtet starta med dialogmøte mellom alle einingsleiarane i kommunen og kommunestyret.

Dialogmøtet var oppsett frå 08.00 til 11.00.

Innkallinga vart godkjent.

Sakslista vart godkjent.

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg om Marit Steinestø og Willy Borge til å skriva under møteboka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
		Spørsmål - interpellasjonar	4
019/13	13/304	Godkjenning av møteprotokoll	7
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
020/13	13/208	Høyringar - grunnskulen 2013	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
021/13	10/60	Endring i vedtekter for barnehagane i Masfjorden	11
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
022/13	13/270	Ekstraløyving - kommunale bygg	15
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
023/13	12/759	Finansrapportering 2012	19
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
024/13	12/735	Overføring av unyttta løyvingar for 2012	24
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
025/13	12/805	Årsrekneskap 2012 for Masfjorden kommune	29
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
026/13	13/272	Årsmelding 2012 - kraftfondet Masfjorden kommune	35
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
027/13	13/261	Årsmelding 2012 for Masfjorden kommune	39
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
028/13	13/303	Skriv og meldingar	41

SPØRSMÅL – INTERPELLASJONAR TIL KOMMUNESTYRET

Spørsmål frå KrF til kommunestyret 08.05.13:

1. KrF ber om skriftleg framstilling av korleis rutinar og saksgang er ved vedtektsendringar i barnehage/sfo. Dette først og fremst for å sikra god dialog med foreldra og tilsette.
2. Etter møte i SU og etter å ha vore vikar i Sandnes barnehage har ein fått innspel og ser behovet for eit vognskur og elles andre tiltak med tanke på at barnetalet i barnehagen aukar, t.d. lagerplass. Me veit og at det har vore gjort store investeringar (kjøkken) i dei andre barnehagane i kommunen. Ber derfor administrasjonen i lag med styrar i Sandnes barnehage ta dette opp til vurdering og gje kommunestyret ei tilbakemelding snarast med tanke på neste barnehageår.
3. Etter å ha vore vikar i Nordbygda barnehage har ein sett korleis 5-åringane flyttar mellom barnehage og skule. Har ein funne ei løysing på denne utfordringa, har 5-åringane fått ein fast tilhaldstad på skulen no?
4. Kva er framdrifta for informasjonsfaldaren som nyinnflytta skal få?
5. Har det vore evaluering av vedlikehaldstenesta?

Svar frå rådmann:

Spørsmål 1 a Rutinar SFO

- 1 Rådmannen utarbeider framlegg til nye vedtekter i SFO. Sist gong var i 2011. Bakgrunnen var at vedtektene ikkje hadde vore reviderte sidan år 2000 og ikkje var i pakt med endringar i lov og forskrifter frå sentralt hald.
- 2 Framlegget vert sendt til skulane med frist for tilbakemelding, minst 3 veker
- 3 Rektor legg saka fram for Samarbeidsutvalet
- 4 Eventuelle merknader kjem inn til rådmannen
- 5 Rådmannen førebur saka til politisk handsaming
- 6 Kommunestyret gjer vedtak.

Spørsmål 1 b) Rutinar barnehage:

- 1 Rådmannen utarbeider framlegg til nye vedtekter i barnehagen. Sist gong var i 2010. Bakgrunnen då var at Stortinget hadde endra føremålsparagrafen og dessutan var det innført rett til barnehageplass. Spørsmålet om kva tid 3-åringane skal reknast som 3-åringar vart samstundes teke opp frå lokalt hald.
- 2 Framlegget vert sendt til barnehagane med frist for tilbakemelding, minst 3 veker
- 3 Styrar legg saka fram for Samarbeidsutvalet
- 4 Eventuelle merknader kjem inn til rådmannen
- 5 Rådmannen førebur saka til politisk handsaming
- 6 Kommunestyret gjer vedtak

Spørsmål 2: Vognskur m.m

Me veit at behovet er der. Me må få ei kostnadsrekning og deretter sjå på korleis dette kan finansierast.

Spørsmål 3: Nordbygda barnehage:

5-åringane er på skulen heile tida, har vore det sidan påske. Har teke i bruk eit rom til på skulen. Barnehagen må bruka lokale på skulen eit år til pga barnetalet. Stor søknad til SFO frå hausten krev eit godt samarbeid mellom barnehage og skule for å SFO/barnehage til å fungera godt.

Spørsmål 4: Framdrift informasjonsbrosjyre:

Informasjonsbrosjyra er no ferdig. Den blir utdelt til kommunestyret i dag.

No er det viktig å få den distribuert til målgruppa. Her må nok kvar og ein trå til å gje melding når dei veit om nokon som flyttar til kommunen.

Me har og ei mappe med informasjon/reglement osv. som blir delt ut til nyttilsette. Her har me og lagt inn den nye informasjonsbrosjyra.

Rådgjever Alf Strand får fire gonger i året melding frå folkeregisteret over born frå 0 opptil 16 år. Strand vil då kunna ved å samanlikna listene om det har kome nye namn til som vil indikera at det kan ha kome nye innbyggjarar til kommunen.

Planen var vel og at dei skulle få turkartet frå Masfjorden med.

Spørsmål 5: Evaluering av vedlikehaldstenesta:

Ofte evaluert – administrativt, m.a. ofte tema på leiarmøta. Utfordring med stort vedlikehaldsbehov – små midlar og ressursar – stort forventningsgap – klarer å dekke 10% av behovet. Vedlikehaldspostane ofte salderingspost ved budsjettering. Einingane budsjetterer med lite på vedlikehald. Teknisk har lite eller ingen midlar til vedlikehald. Prøve å sette av midlar ved budsjettrevisjon 2013 til vedlikehaldstiltak lagt under rammeområde teknisk, og tiltak etter deiras prioritet:

- Vedlikehald, samla meir til TMI – pott til friare prioritering av hasteoppgåver, prøve med endring frå 2. halvår 2013.

Vurdere i samband med rammesaka 2014 innføring av ei prøveordning med vaktmeisterteneste dersom økonomiske rammer tillet det, og dette vert prioritert.

- - vaktmeisterteneste – alternativt som investering 1 år med rentekompensasjon skule, 2014

Spørsmål frå Ragnvald Tangedal, Ap, til kommunestyret 08.05.13:

Hr. Ordfører

Leser i avisene at Sparebanken Vest legger ned filialer rundt om i Nordhordland, blant annet på Hosteland. Ser også at på Fedje er det kommet reaksjoner fra politisk hold v/ordføreren. I Lindås er det reaksjoner fra blant annet lag og organisasjoner og næringsdrivende. I Masfjorden er det tyst, er det fordi det er greit at de legger ned eller er det kontakt mellom kommune og bank. Dette er noe som går ut over næringsdrivende, de eldre og lag og organisasjoner.

Om banken legger ned , hva så med mini banken. Kommer den til å bestå?

Svar:

Ordfører Karstein Totland hadde invitert Sparebanken Vest for å orientera om årsak til nedlegging av bankfilialar i distriktet.

Dei sa at minibanken i Masfjorden vert ikkje teke vekk dei fyrste åra, men dei kunne ikkje gje noko garanti for at den står der om fem år.

Kommunestyremedlemmene stilte spørsmål til representantane frå Sparebanken Vest.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.05.2013	019/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/304
-----------	---------------------

SAK 019/13 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 21.04.2013 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-019/13 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 21.04.2013 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

KrF, v/Marit Steinestø hadde slik merknad til sak 17/13 i møteboka:

KrF har merknad i møteprotokollen til siste sak, sak nr. 17/13. Ein gjer merksam på at denne saka vart svært raskt handsama og at KrF representantane ikkje fekk med seg at denne saka vart klubba. KrF har ikkje endra syn på tildeling av salsløyve og ville av prinsipielle grunnar stemt i mot.

Me tek sjølvkritikk på at me ikkje var merksame nok og lovar å skjerpe oss.

I tillegg forventa ein å få utlevert høyringsuttalar i denne saka, jf. møteinnkallinga der det under Uttale i saksutgreiinga står:

”Søknaden er i samsvar med alkohollova sendt den 14.02.13 til NAV Masfjorden – Sosial, politiet og skattefuten for uttale. Uttalane vil bli lagt fram på møte.

Dette skjedde ikkje. Me ynskjer og at saker vert handsama uavhengig av når ferja går.”

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent med merknad frå KrF.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.04.2013	027/13	Alf Strand
Kommunestyret	08.05.2013	020/13	Alf Strand

Arkiv: N-212

Arkivsaknr.: 13/208

SAK 020/13 - HØYRINGAR - GRUNNSKULEN 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegget om å endra Forskrift til Opplæringslova §1.1. Ein ser ikkje at det er nødvendig å skjerma noko fag frå omdisponering.

Finansiering

Ikkje aktuelt

Heimel

Opplæringslova

FS-027/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegget om å endra Forskrift til Opplæringslova §1.1. Ein ser ikkje at det er nødvendig å skjerma noko fag frå omdisponering.

Det skjedde i Formannskapet den 23.04.2013:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-020/13 VEDTAK:

Masfjorden kommune sluttar seg til framlegget om å endra Forskrift til Opplæringslova §1.1. Ein ser ikkje at det er nødvendig å skjerma noko fag frå omdisponering.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.03.2013	Utdanningsdirektoratet	Høring om forskriftsendringer-økt fleksibilitet i grunnskolen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Utdanningsdirektoratet har sendt på høring eit framlegg til endring i Forskrift til Opplæringslova §1.1, sjå vedlegg.

HØYRING

Rektorane har hatt saka oppe til drøfting på rektormøte 9. april d.å.

UTTALE

FAKTA

Gjeldande paragraf lyder slik:

§1-1 Opplæringa i grunnskolen

”I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag og timefordelinga. (...)”

Endringa går ut på å føya til eit nytt 2. ledd i forskrifta, der det blir opna for å omdisponera inntil fem prosent av timane i fag.

Nytt 2. ledd skal lyda slik: ”Skuleeigaren kan omdisponere inntil 5 prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget for heile klassar/grupper eller årstrinn. Skuleeigaren gir forskrifter om fag- og timefordelinga for det enkelte skuleåret der omdisponeringa av timar mellom fag kjem fram.”

Direktoratet spør høyringsinstansane om 1)vårt syn på om omdisponeringa av timar bør fastsetjast som lokal forskrift og 2) om me meiner at nokre fag bør skjermast frå omdisponering

VURDERING

Meininga med denne forskriftsendringa er at skuleeigar skal kunna omdisponera inntil fem prosent av det samla minstetimetallet i kvart einskilt for å styrka andre fag. På den måten vil kommunestyret som skuleeigar få større innverknad på bruken av tida i den samla fag- og timefordelinga. Endringa vil gjelda for eit skuleår om gongen.

Gjeldande rett er at skuleeigar ikkje har høve til å omdisponera timar i fag for heile klassar. Ein må halda seg til dei tabellane som direktoratet har utarbeidd.

Dersom ein gjer ei endring i forskrifta, vil det kunna føra til at eit fag på eit hovudsteg kan få auka timetal eit skuleår. Eit anna fag må då reduserast tilsvarande, for det totale timetallet vert ikkje endra. Omdisponering av timar mellom fag kan berre skje innan dei einskilde hovudstega. Det er ikkje snakk om store endringar, 5% av timetallet vil i gjennomsnitt seia om lag 1 t pr veke.

Direktoratet understrekar at endringa i forskrifta skal ha læring som mål. Tida skal brukast til opplæring i fag. Kompetansemåla i læreplanen skal ikkje endrast.

Masfjorden kommune ser i utgangspunktet ikkje at det er noko stort behov for ei endring i forskrift til Opplæringslova §1-1. På den andre sida kan me heller ikkje sjå at det er større ulemper knytt til ei slik endring. Dersom det vert vedteke å gjera dei omtalte endringane, synest me det er greitt at skuleigar kan fastsetja lokale forskrifter om fag- og timefordeling for eit skuleår om gongen og der omdisponering av timar mellom fag er med. Partane i skulesamfunnet får då sjansen til å seia si meining, då ei forskrift må ut på høyring før ho vert vedteken.

Det er vanskeleg å sjå føre seg at noko fag bør skjermast frå omdisponering. Dette er noko den einskilde skule i så fall må seia noko om.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.04.2013	028/13	Alf Strand
Kommunestyret	08.05.2013	021/13	Alf Strand

Arkiv: N-211

Arkivsaknr.: 10/60

SAK 021/13 - ENDRING I VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I MASFJORDEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtekter for barnehagane i Masfjorden §9 pkt 5 skal lyda slik, gjeldande frå og med 1. mai 2013:

”Barnehagen er stengd inntil tre veker samanhengande om sommaren. Styrar syter for bindande kartlegging før 1. mai på kva tid barna skal ha ferie. Barnehagen og SFO samarbeider om kva veker barnehagen og SFO skal halda stengt.”

Finansiering

Heimel

Vedtekter for barnehagane i Masfjorden §14 pkt.2.

FS-028/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Vedtekter for barnehagane i Masfjorden §9 pkt 5 skal lyda slik, gjeldande frå og med 1. mai 2013:

”Barnehagen er stengd inntil tre veker samanhengande om sommaren. Styrar syter for bindande kartlegging før 1. mai på kva tid barna skal ha ferie. Barnehagen og SFO samarbeider om kva veker barnehagen og SFO skal halda stengt.”

Det skjedde i Formannskapet den 23.04.2013:

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, vil koma med spørsmål til kommunestyret om korleis ein skal handtera ei vedtektsendring. Viktig med ein god dialog ut til barnehagen og foreldra.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 4 mot ei røyst. (Ap)

KS-021/13 VEDTAK:

Vedtekter for barnehagane i Masfjorden §9 pkt 5 skal lyda slik, gjeldande frå og med 1. mai 2013:

”Barnehagen er stengd inntil tre veker samanhengande om sommaren. Styrar syter for bindande kartlegging før 1. mai på kva tid barna skal ha ferie. Barnehagen og SFO samarbeider om kva veker barnehagen og SFO skal halda stengt.”

Ordninga med sommarstengd barnehage vert evaluert til hausten.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Arthur Sjursen, Ap, gjorde framlegg om å utsetja saka til etter evalueringa til hausten.

Det vart røysta over utsettingsframlegget.

Utsettingsframlegget frå Ap fall med 7 røyster (Ap, Frp og Sp)

Saka vart drøfta.

Arthur Sjursen, Ap, sette fram nytt framlegg til vedtak:

Vedtektene for barnehagane i Masfjorden § 9, pkt 5 skal lyda slik gjeldande frå 1. mai 2013:

Barnehagen er open heile sommaren. Styrar syter for bindande kartlegging før 1. mai på kva tid borna skal ha ferie. Barnehagen og SFO samarbeider om ferieavviklinga.

Frode Langhelle; H, gjorde framlegg om ein tilleggssetning i vedtaket frå formannskapet:

Ordninga med sommarstengt barnehage vert evaluert til hausten.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Ap sitt framlegg.

Ap sitt framlegg fekk 7 røyster og fall. (Ap, Frp, og Sp)

Det vart så røysta over formannskapet si tilråding med tilleggspunktet frå Høgre.

Tilrådinga frå formannskapet med tilleggspunktet frå Høgre vart då samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	15.12.2009	Utdanningsforbundet Masfjorden v/HTV Ørjan Valestrand	Framlegg til endring av vedtekter for kommunale barnehagar i Masfjorden
3	U	12.03.2010	Barnehagane v/ styrar	Vedtekter for barnehagane - melding om vedtak
6	U	28.12.2012	Barnehagane	Vedtekter for barnehagane i Masfjorden - melding om vedtak
7	U	02.04.2013	Barnehagane	Endring i vedtektene for barnehagane i Masfjorden
9	I	11.04.2013	Indre Masfjorden barnehage v/styrar Maja Aven Dah	Innspel til framlegg til endring av vedtekter for barnehagane i Masfjorden
10	I	11.04.2013	Nordbygda barnehage v/styrar Inger Marie Duesund	Uttale til endringer i vedtektene for barnehagane i Masfjorden
11	I	11.04.2013	Samarbeidsutvalet i Nordbygda barnehage	Referat frå møte i samarbeidsutvalet i Nordbygda barnehage
12	I	12.04.2013	Sandnes barnehage v/styrar	Uttale til endring i vedtektene for barnehagane
13	I	15.04.2013	Indre Masfjorden barnehage v/styrar	Referat frå møte i samarbeidsutvalet Indre Masfjorden bhg

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/FAKTA

Kommunestyret gjorde i sak 115/12 følgjande vedtak: ”Barnehagane skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren. Vedtektene § 9 pkt.5 må endrast tilsvarende.”

Med bakgrunn i dette kommunestyrevedtaket og med heimel i Vedtekter for barnehagane i Masfjorden §14 vart framlegg til nye vedtekter sende ut til barnehagane på høyring den 6. mars.

Gjeldande vedtekter §9 pkt. 5 lyder slik:

”Barnehagen er open heile sommaren. Styrar syter for bindande kartlegging før 1. mai av kva tid barna skal ha ferie. Rådmannen kan etter ei samla vurdering av behov for barnehageplass gjennom sommaren, avvika frå å halda ope heile sommaren. Foreldra bør i slike tilfelle gjevast tilbod om plass i ein annan av kommunen sine barnehagar.”

Rådmannen har sendt ut følgjande framlegg til endring av vedtektene §9 pkt 5:

”Barnehagen er stengt inntil tre veker samanhengande om sommaren. Styrar syter for bindande kartlegging før 1. mai på kva tid barna skal ha ferie. Barnehagen og SFO samarbeider om kva veker barnehagen og SFO skal halda stengt.”

HØYRING

Rådmannen sende 6. mars 2013 brev til barnehagane ved styrar og bad om at framlegget til vedtektsendring vart lagt fram for SU til fråsegn. Frist for tilbakemelding vart sett til 10. april 2013. Det har kome skriftleg svar frå SU i Indre Masfjorden barnehage og Nordbygda barnehage og munnleg tilbakemelding frå SU i Sandnes barnehage.

UTTALE

SU i Indre Masfjorden barnehage er usamd i måten saka er handsama på og ber om at vedtaket i saka om sommarstengde barnehagar vert oppheva. SU meiner likevel at rådmannen sitt framlegg til endringar i vedtektene kan vera ei løysing som kan fungera for sommaren 2013.

SU i Nordbygda barnehage har ingen innvendingar mot ordlyden i framlegget til endring i vedtektene §9 pkt 5. Den same tilbakemeldinga kjem frå SU i Sandnes barnehage.

VURDERING

Etter høyringsrunden og dei merknadene som er komne inn ser ikkje rådmannen nokon grunn til å endra på ordlyden i høve til det framlegget som vart sendt ut på høyring. Rådmannen vil streka under at det er viktig at partane har ei evaluering til hausten av korleis ordninga med sommarstengde barnehagar har fungert denne sommaren.

KONKLUSJON

Vedtekter for barnehagane i Masfjorden verte endra i tråd med rådmannen sitt utsende høyringsframlegg.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.05.2013	022/13	Terje Kallekleiv

Arkiv: N-13

Arkivsaknr.: 13/270

SAK 022/13 - EKSTRALØYVING - KOMMUNALE BYGG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune løyver kr. 400 000,- til ekstraordinært vedlikehald av Nordbygda skule. Finansiering ved bruk av del av overskot rekneskapen 2012.
2. Masfjorden kommune løyver kr. 500 000,- til nødvendig oppdatering av ventilasjonsanlegget i Masfjorden sjukeheim. Finansiering skal skje ved bruk av fondsmidlar pleie- og omsorg – under disp.fond drift.
3. Tiltak Indre Masfjorden barnehage vert vurdert opp i mot budsjettrevisjonssak i juni

Finansiering

Punkta 1 og 2 har finansiering jf. framlegg til vedtak

Punkta 3 krev ekstraløyving - og må innarbeidast i budsjettrevisjon

Heimel

Kommunelova §6.

KS-022/13 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune løyver kr. 400 000,- til ekstraordinært vedlikehald av Nordbygda skule. Finansiering ved bruk av del av overskot rekneskapen 2012.
2. Masfjorden kommune løyver kr. 500 000,- til nødvendig oppdatering av ventilasjonsanlegget i Masfjorden sjukeheim. Finansiering skal skje ved bruk av fondsmidlar pleie- og omsorg – under disp.fond drift.
3. Tiltak Indre Masfjorden barnehage vert vurdert opp i mot budsjettrevisjonssak i juni

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

1. Nordbygda Skule

BAKGRUNN

I gymsalen på Nordbygda skule vart det før nyttår (etter prøvetaking av "Miljøretta helsevern") funne muggsopp/svartsopp i innelufta. Bakgrunnen for dette var m.a. helseplager hjå nokre av brukarane.

I januar foretok TML - saman med skulen og "Miljøretta helsevern" - undersøkingar i delar av bygningskonstruksjonen i gymsalen og tilgrensande konstruksjonar. Det vart då påvist sopp og konkludert med at utbetringar var nødvendig.

FAKTA

Grunnen til at problema har oppstått er dels mangelfullt vedlikehald og dels feilkonstruksjon.

a. Eit av problemet har oppstått fordi vatn har samla seg inntil bygningskonstruksjonen som følge av mangel i terrengarbeid då skulen vart bygd.

b. I eit anna tilfelle har manglande overflatebehandling ført til at murvegg er blitt vassmetta - og fukt blir trekt inn i isolasjon og treverk på innsida. For dårleg isolasjon er truleg også ei medverkande årsak - noko som fører til kondens. Konsekvensane er at konstruksjonar har vorte vasstrekke over tid - og gjort forholda gode for vekst av muggsopp.

Delar av arbeidet (a) er gjennomført innfor ordinært budsjett.

VURDERING

Verdiane av soppsporar i lufta var ikkje så graverande at gymsalen måtte stengjast umiddelbart - men kan halde ope ved god ventilasjon. Likevel er det viktig at noko vert gjort snarast då veksten av sopp berre vil auke så lenge det er fukt i konstruksjonane. Ein vassmetta mur vil også vera mykje meir utsett for erosjon. Utbetringar bør difor gjerast snarast.

Ein viktig føresetnad for å få gjort nødvendig vedlikehaldsarbeid er at uteområda er tilgjengelege. Terrenget nedanfor gymsalen er i dag svært vanskeleg. Eit første steg er difor å få fylt i massar og planert ut med vegtilkomst. I tillegg må innsida av denne vegggen undersøkjast nærare.

Kva samla kostnader vil bli til slutt er ikkje klårt. Førebels vil 400 000,- løyse problemet med å gjera murveggen på nedsida av gymsalen tilgjengeleg for vedlikehald. Dette vil truleg også vera ei tilstrekkeleg råde for nødvendig vedlikehald dersom ikkje utfordringane er blitt for store. Dette kan me ikkje sei meir om før konstruksjonen er undersøkt ytterlegare - noko som først kan skje etter at terrenget er planert for bruk av lift eller reising av stillas.

2. Indre Masfjorden barnehage

BAKGRUNN

Ventilasjonsanlegget i Indre Masfjorden barnehage er no svært nedslite. Kapasiteten til anlegget er tilpassa ein einestad - og har vore maksmalt utnytta/pressa i mange år.

FAKTA

Konsekvensar av det underdimensjonerte og utslite ventilasjonsanlegget:

- Dårleg lufting og helseplager hjå ungar og personale
- Stort varmetap / høge kostnader til oppvarming
- Stadige vedlikehaldsoppgåver for å halde anlegget i drift er lite kostnadseffektivt (m.a. fungerer ikkje styringssystemet)
- No er det stor fare for at anlegget kollapsar når som helst og barnehagen må kanskje stenge (vinter).

VURDERING

Ventilasjonsanlegget i barnehagen er underdimensjonert og utslite. Dette gjev dårleg luft og helseplager - og høge utgifter i drift og oppvarming. Barnehagen treng no eit nytt ventilasjonsanlegg - kostnadsrekna til ca. 600 000,-

3. Masfjorden sjukeheim

BAKGRUNN

Ventilasjonsanlegget ved Masfjorden sjukeheim er slite og manglar vedlikehald. Styringssystemet er ute av drift og treng oppdatering. Anlegget må også reinskast og nye varmevekslarar må installerast.

FAKTA

I vinter har det vore ei stor utfordring å halde oppe akseptabel varme i bygget fordi varmevekslarar i ventilasjonsanlegget ikkje fungerer. Det har vorte kjøpt inn mange varmeomnar - men effekten har vore heller liten når ventilasjonsanlegget ikkje maktar å gjenvinne varmen - men i staden fører varmen ut av bygningen. Både personale og bebuarar har klaga på tilstanden og bedt om at noko vert gjort snarast.

VURDERING

Personale og brukarar må ha akseptabel innevarme. Varmetapet på grunn av eit slite anlegg er stort og kostnadene til oppvarming store. For ca. kr. 500 000,- reknar rådmannen med at dette kan utbetrast tilstrekkeleg. Finansiering bør skje ved fondsmidlar.

SAMLA KONKLUSJON

Kommunen har eit generelt etterslep i vedlikehald - og delar av bygg og anlegg byrja no å bli gamle. Ein konsekvens av dette er at det oftare oppstår uføresette akutte driftsvanskar - og unødige store kostnader til vedlikehald på grunn av tidlegare mangel på vedlikehald. Det fører dessutan til utfordrande prioriteringar og vanskeleg budsjettarbeid.

Likevel **må** kommunen handtere dei akutte hendingane som oppstår dersom det kan føre til fare eller helseskade - og **bør** handtere dei når alternativet er unødig store drifts- eller vedlikehaldskostnader over tid.

Tilfella som her er omtala inneheld til ein viss grad kombinasjonar av begge forhold.

- **Masfjorden kommune løyver kr. 400 000,- til ekstraordinært vedlikehald av Nordbygda skule. Finansiering ved ekstraløyving.**
- **Masfjorden kommune løyver kr. 600 000,- til nytt ventilasjonsanlegg i Indre Masfjorden barnehage. Finansiering ved ekstraløyving.**
- **Masfjorden kommune løyver kr. 500 000,- til nødvendig oppdatering av ventilasjonsanlegget i Masfjorden sjukeheim. Finansiering skal skje ved bruk av fondsmidlar.**

Saka vart drøfta i formannskapsmøte 2.mai. Kommunen har som kjent store vedlikehaldsbehov, og det oppstår i periodar meir akutte forhold. Utfordringa er å finne finansiering. Ein har i denne omgang funne finansieringsløyving for 2 av 3 omtalte forhold.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.04.2013	029/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	08.05.2013	023/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103

Arkivsaknr.: 12/759

SAK 023/13 - FINANSRAPPORTERING 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Finansrapporteringa 31.12.2012 vert teken til vitring, inkl. status plassering pr. 1. kvartal 2013

Finansiering

ingen finansieringsbehov

Heimel

økonomireglement § 19.8

FS-029/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Finansrapporteringa 31.12.2012 vert teken til vitring, inkl. status plassering pr. 1. kvartal 2013.

Det skjedde i Formannskapet den 23.04.2013:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Formannskapet gav ros til rådmannen for ein god jobb med å få pengane våre til å veksa på.

Røysting:

Finansrapporteringa pr. 31.12. 2012 vart samrøystes teken til vitring.

KS-023/13 VEDTAK:

1. **Finansrapporteringa 31.12.2012 vert teken til vitring, inkl. status plassering pr. 1. kvartal 2013.**

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	28.11.2012	Holberg	DELEGERT VEDTAK - OMSTRUKTURERING FINANSPLASSERINGAR
3	I	07.12.2012	Holber Fondsforvaltning AS	Endringsmelding nr 1-2012 - oppretting av verdipapirkonto
4	I	17.12.2012	Carnegie Kapitalforvaltning AS	Avvikling av verdipapirfondet Carnegie forvaltning

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Finansreglementet; jf. pkt. 19.8 rapportering og kontroll i økonomireglementet;

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga. Rådmannen rapporter minst to gonger årleg til kommunestyret.

Rapporten skal innehalda:

- Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
- Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
- Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
- Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvensar rådmannen trekkjer av dette.

FAKTA

Når det gjeld oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype og låneinstitusjon viser ein til note 10 (side 16) i 2012 rekneskapen. Renteutvikling viser til side 22 i rekneskapshefte 2012, og snittrente innlån ca. 2,5%.

All ledig likviditet er plassert som bankinnskot, knytt til NIBOR med + 0,85%. Det var budsjettert med 1 mill.kr. i samla renteinntekter for 2012, og ein fekk kr. 1.213.000 i renteinntekter, og dermed litt over 200.000 meir enn budsjettert.

Plassering av langsiktig finansiell aktiva er innafor rammene av

KS-044/11 VEDTAK:

2. Finansreglementet vert endra på følgjande punkt;

19.6. Rammer/fullmakt

c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 15 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år. Aksjefond kan spreiaast på norske, nordiske og eller globale fond

Under følgjer oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og avkastning;

	saldo pr. 1.1.2012
Konto: 21131002 Carnegie obligasjon	2 776 074
Konto: 21131003 Carnegie aksje norge	2 544 919
Konto: 21131004 Carnegie forvaltning	1 137 961
Konto: 21131005 DnB nor obligasjonsfond	5 980 259
Konto: 21131006 FS Delta	1 465 385
Konto: 21131007 FS Alpha	2 441 322
T O T A L T	<u>16 345 920</u>

Reelt i periode er endringar plassering og avkastning. I 2012 vart ein del plasseringa realisert, og delvis nye plasseringa. Ved utgangen av året utgjorde samla plasseringa knappe 12 mill.kr.

	Reelt periode	saldo 31.12.
Konto: 21131002 Carnegie obligasjon	-2 776 074	0
Konto: 21131003 Carnegie aksje norge	-2 544 919	0
Konto: 21131004 Carnegie forvaltning	-1 137 961	0
Konto: 21131005 DnB nor obligasjonsfond	420 062	6 400 321
Konto: 21131006 FS Delta	-1 465 385	0
Konto: 21131007 FS Alpha	0	2 441 322
Konto: 21131008 Holberg Kreditt	1 658 152	1 658 152
Konto: 21131009 Holberg Global	911 783	911 783
Konto: 21131010 Holberg Rurik	463 508	463 508
T O T A L T	<u>-4 470 834</u>	<u>11 875 086</u>


Avkastning plassering FS Alpha ikkje bokført i 2012, men reell saldo pr. 31.12.2012 utgjer 3.086.014,- - då årsoppgåve kom seint.

Samla avkastning i 2012 på fondsplasseringa utgjer 1.871.904 og dermed 11,5%, og eit svært positivt resultat. Kr. 644.692 er ikkje bokført i 2012, og dermed ein buffer for 2013.

Det er gjort nye plasseringa i 2013, med heimel i tidlegare års vedtak. Alle plasseringa vert gjort administrativt, med uttale revisjonen, og kor melding om delegert vedtak vert lagt fram politisk før plasseringane vert utført. Status plasseringa ved 1. kvartal 2013;

	Reelt periode	saldo 31.3.13
Konto: 21131005 DnB nor obligasjonsfond	0	6 400 321
Konto: 21131007 FS Alpha	0	2 441 322
Konto: 21131008 Holberg Kreditt	0	1 658 152
Konto: 21131009 Holberg Global	0	911 783
Konto: 21131010 Holberg Rurik	0	463 508
Konto: 21131011 Sparebanken Vest	3 000 000	3 000 000
T O T A L T	3 000 000	14 875 086

Styringsrenta til Noregs bank ligg pr. dato på 1,5%. Prognose tilseier gradvis aukande rente utover næraste 4 års periode.



Masfjorden kommune betalte samla kr. 4.445.642 i avdrag i 2012 rekneskapen. Mange kommunar legg etter kvart minimumsavdrag som grunn for sum bokførte avdrag i kommunerekneskapen. Minimumsavdrag for Masfjorden kommune utgjorde 2.152.972,-. Og ein betalte dermed ned nær 2,3 mill.kr. meir enn minimumskravet tilseier – men ein meiner det beste er å betale ned i tråd med avdragsplan, og ut i frå den økonomiske stoda meiner ein at dette er rett praksis, og vil tilrå at ein held fram med dette. **Det vart teke opp nye lån med 4,1 mill.kr. i 2012, og dermed i tråd med målsetjinga om at sum nye lån ikkje skal vere større enn summen av låneavdrag.** Bruk av lån i investeringsrekneskapen til finansiering av investeringsrekneskapen utgjorde 5,3 mill.kr., og kor ein i tillegg til årets låneopptak nytta ubrukte lånemidlar tidlegare år.

Masfjorden kommune har bankavtale med SR bank.

VURDERING

Samarbeidet med SR bank jf. bankavtale fungerer godt.

Ein jobbar løpande med andre plasseringane, aksjefond, obligasjonar etc., slik at dei skal gje meiravkastning til kommunen, utover renteinntekt ved bankplassering. Ein har klart å få det til over tid, og kor positive avkastning av plasseringane år for år, og 2012 vart eit spesielt godt år kor ein fekk god avkastning % og kr., og i 2012 har ein og realisert ein del av plasseringane.

Bankrente 3. kvartal var på ca. 2 %, og litt høgare for 1. halvår 2012.

KONKLUSJON

Legg med dette fram hovudtal og trekk ved finansforvaltninga 2012, og tilrår at denne vert teken til vitring. Finansforvaltninga er i samsvar med eige økonomireglement, og ny finansforskrifta KR D, som tok til å gjelde frå 1.7.2010.

Status av finansforvaltninga 2012 var at ein gjennom avtalar og plasseringa tilførte kommunen vesentlege meirinntekter (over 2 mill.kr.) utover budsjett.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.04.2013	030/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	08.05.2013	024/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102

Arkivsaknr.: 12/735

SAK 024/13 - OVERFØRING AV UNYTTA LØYVINGAR FOR 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bibliotektenesta får overført kr. 60.000 som del av mindreforbruk i 2012, til disposisjon i 2013 eller seinare budsjettår (og seinast bruk innan 31.12.2015)

Barnevernstenesta får overført kr. 240.000 som del av mindreforbruk i 2012, til disposisjon i 2013 eller seinare budsjettår (og seinast bruk innan 31.12.2015)

Midlane vert sett av på disposisjonsfond drift (balansekonto 2.5600.100)

Finansiering

rekneskapsoverskot 2012 rekneskapen til kommunen

Heimel

økonomireglementet til Masfjorden kommune, kap. 11

FS-030/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Bibliotektenesta får overført kr. 60.000 som del av mindreforbruk i 2012, til disposisjon i 2013 eller seinare budsjettår (og seinast bruk innan 31.12.2015)

Barnevernstenesta får overført kr. 240.000 som del av mindreforbruk i 2012, til disposisjon i 2013 eller seinare budsjettår (og seinast bruk innan 31.12.2015)

Midlane vert sett av på disposisjonsfond drift (balansekonto 2.5600.100)

Det skjedde i Formannskapet den 23.04.2013:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Marit Steinestø, KrF, spurde om ikkje Sandnes barnehage hadde søkt om å få overført unyttta midlar.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det kom ein søknad frå barnehagen som kom for seint til å få med i denne saka, på kr. 60.000 til stellerom.

Formannskapet gav rådmannen fullmakt til å gjennomføre overføring til Sandnes barnehage kr. 60.000 til nytt stellerom frå bundne fond barnehage.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-024/13 VEDTAK:

Bibliotektenesta får overført kr. 60.000 som del av mindreforbruk i 2012, til disposisjon i 2013 eller seinare budsjettår (og seinast bruk innan 31.12.2015).

Barnevernstenesta får overført kr. 240.000 som del av mindreforbruk i 2012, til disposisjon i 2013 eller seinare budsjettår (og seinast bruk innan 31.12.2015).

Midlane vert sett av på disposisjonsfond drift (balansekonto 2.5600.100) .

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Saka vart drøfta.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
9	I	15.11.2012	Nordbygda skule v/Berit Lygre rektor	Søknad om overføring av unytta midlar
1	I	16.11.2012	Avdelingsleiar Helga Ellingsen	Søknad om overføring av midlar til 2013
2	I	16.11.2012	Biblkoteksjef Kjellaug Bolset Strand	Søknad om overføring av midlar - bibliotektenesta
3	I	16.11.2012	Leila T. Andvik	Søknad om overføring av midler for barneverntenesta
4	I	16.11.2012	Avd.leiar Oddny Daae	Søknad om overføring av midlar til 2013 budsjettet
5	I	16.11.2012	Matre skule v/Liv Øydis Trædal	Søknad om overføring av midlar til 2013 budsjettet
6	I	19.11.2012	Sandnes skule v/rector Dina Dyrhovden	Søknad om overføring av unytta budsjetterte midlar
8	I	19.11.2012	Masfjorden sjukeheimv/Aud Berit Sleire	Søknad om overføring av unytta midlar
7	I	19.11.2012	Heimetenesta Sør v/Tove Kristin S. Tistel	Søknad om overføring av unytta midlar frå 2012 til 2013
10	U	21.11.2012	søkjarane	vedk. søknader om overføring av unytta løyving frå 2012 rekneskapen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det kom i alt 9 søknader innan fristen 20.11., på overføring av unytta løyvingar.

FAKTA

Viser til Økonomireglementet til kommunen og kap.

11.1 Hovudregel:

- Dersom det ved handsaminga av årsrekneskap vert avdekka avvik mellom rammetildeling/budsjett og faktiske rekneskapstal, skal kommunestyret nytta fylgjande hovudregel ved disponering/dekking av meir- eller mindreforbruk.
- Mindreforbruk på eit rammeområde kan overførast til gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, etter søknad innan 20.11. aktuelle budsjettår, men likevel avgrensa til kommunen sitt samla mindreforbruk for året. Honoreringa skjer som ein hovudregel året etter at resultatet oppstår.

- 1. avsetjing til overskotsfond føreset;**
 - a) totalrekneskapen går med eit mindreforbruk**
 - b) rammeområde går med eit mindreforbruk**
 - c) ansvar/tenesteområde går med eit mindreforbruk, men aldri større samla avsetjingar innan eit rammeområde enn at rammeområde går ut i budsjettbalanse etter avsetjingane**

- 2. Søknad om overføring av unytta løyving skal grunngjevast, og føreliggje innan 20. november i aktuelle driftsår og elles i samsvar med økonomireglementet pkt. 11.1. Det skal fattast administrativt vedtak på kvar søknad, som vert lagt fram for Kommunestyret som del av sak delegerte vedtak i første møte på nyåret, og seinast innan møtedag for rekneskapen aktuelle år.**

- 3. Fondsmidlane står til disposisjon inntil 3 år. Unytta midlar etter 3.år, vert overført til investeringsfond.**

- 4. Fondsreserve for kvart ansvar/tenesteområde kan maks utgjere 10% av netto driftsbudsjett for aktuelle ansvar/tenesteområdet aktuelle år.**

- 5. Bruk av fond, inntil 100.000 skal godkjennast av rådmannen, medan bruk av fond utover 100.000 skal innarbeidast i revidert budsjett, og formelt godkjennast av Kommunestyret**

- Meirforbruk kan dekkast av gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 100% av summen – i budsjettåret eller på neste budsjettår

- 6. Dersom rammeområdet går med meirforbruk, og ein har fondsmidlar/reserve som ikkje er føreset brukt til eit bestemt føremål, kan fondsmidlane/reserve disponerast av rådmannen til inndecking av underskot.**

- Før vedtak vert fatta, skal det vera tilstrekkeleg opplyst kva som er årsaka til avviket og kva tiltak som er gjennomført i rekneskapsåret for å unngå avviket.

1B 2012 jf. rekneskapshefte

Mindreforbruk på eit rammeområde kan overførast til gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår

VURDERING

For å få innvilga søknad om overføring av unytta løyving, vert det stilt krav om

- a) **totalrekneskapen går med eit mindreforbruk** - og på plass for 2012.

- b) **rammeområde går med eit mindreforbruk**
gjeld rammeområde sosial/barnevern, kultur og felles i 2012, og som inneber at flg. søknader ikkje fell inn under regelverket, og får dermed ikkje overført midlar frå 2012 til seinare budsjettår.

Nordbygda skule v/Berit Lygre rektor	Søknad om overføring av unyttar midlar
Avdelingsleiar Helga Ellingsen	Søknad om overføring av midlar til 2013
Avd.leiar Oddny Daae	Søknad om overføring av midlar til 2013 budsjettet
Matre skule v/Liv Øydis Trædal	Søknad om overføring av midlar til 2013 budsjettet
Sandnes skule v/rektor Dina Dyrhovden	Søknad om overføring av unyttar budsjetterte midlar
Masfjorden sjukeheimv/Aud Berit Sleire	Søknad om overføring av unyttar midlar
Heimetenesta Sør v/Tove Kristin S. Tistel	Søknad om overføring av unyttar midlar frå 2012 til 2013

c) **ansvar/tenesteområde går med eit mindreforbruk, men aldri større samla avsetjingar innan eit rammeområde enn at rammeområde går ut i budsjettbalanse etter avsetjingane**

Biblioteksjef Kjellaug Bolset Strand	Søknad om overføring av midlar - bibliotektenesta
Leila T. Andvik	Søknad om overføring av midlar for barneverntenesta

Bibliotektenesta har eit mindreforbruk på 165.000,- i 2012, og søker om å få overført 60.000 til 2013.

Barneverntenesta har eit samla mindreforbruk på 485.080,-

Med bakgrunn i økonomireglementet, og at mindreforbruk på eit rammeområde kan overførast til gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, kjem ein fram til følgjande

KONKLUSJON

Bibliotektenesta får overført kr. 60.000 som del av mindreforbruk i 2012, til disposisjon i 2013 eller seinare budsjettår (og seinast bruk innan 31.12.2015)

Barneverntenesta har eit samla mindreforbruk på 485.080,- i 2012, og får overført kr. 240.000 som del av mindreforbruk i 2012, til disposisjon i 2013 eller seinare budsjettår (og seinast bruk innan 31.12.2015)

Midlane vert sett av på disposisjonsfond drift (balansekonto 2.5600.100)

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.04.2013	031/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	08.05.2013	025/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103

Arkivsaknr.: 12/805

SAK 025/13 - ÅRSREKNESKAP 2012 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Årsrekneskapen 2012 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 5.983.883,41.
- 2) Årsoverskot 2012 vert nytta til;
 - a) 3,5 mill.kr. vert avsett til disp.fond drift 2.5600.100 (øyremerkt pensjon), og teke som inntekt med 1/10 årleg frå og med budsjett 2013 for å dekke amortiseringsavvik med bakgrunn i inntektsført premieavvik netto i 2012 rekneskapen
 - b) overføring av unytta løyving (jf. eiga sak, arkivsaksnr. 12/735 med 300.000,-
 - c) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000
 - d) samhandlingsreforma, unytta av tildelte midlar med 2,3 mill.kr., og medfinansiering med 1.712.000, kr. 588.000 vert avsett til disp.fond samhandlingsreforma
 - e) finansiering av udekka i investeringsrekneskapen 2012,
 - Matre idrettsbane med 350.000
 - Nordbygda barnehage 147.902
 - Indre Masfjorden barnehage 120.043Øvrige postar udekka 2012 legg ein til grunn vert finansiert og dekkja i 2013.
 - f) kr. 150.000 til utvida krav til bedriftshelseteneste, og ikkje innarbeidd i 2013 budsjettet (teneste 12003).
 - g) Restsum (kr. 602.938,41) vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)

Finansiering

Årsoverskot 2012

Heimel

Økonomireglement, kommunelova, føresegner kommunale rekneskap og budsjett

FS-031/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1) Årsrekneskapen 2012 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 5.983.883,41.
- 2) Årsoverskot 2012 vert nytta til;
 - a) 3,5 mill.kr. vert avsett til disp.fond drift 2.5600.100 (øyremerkt pensjon), og teke som inntekt med 1/10 årleg frå og med budsjett 2013 for å dekke amortiseringsavvik med bakgrunn i inntektsført premieavvik netto i 2012 rekneskapen.
 - b) overføring av unytta løyving (jf. eiga sak, arkivsaksnr. 12/735 med 300.000,- .
 - c) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000.
 - d) samhandlingsreforma, unytta av tildelte midlar med 2,3 mill.kr., og medfinansiering med 1.712.000, kr. 588.000 vert avsett til disp.fond samhandlingsreforma.
 - e) finansiering av udekka i investeringsrekneskapen 2012,

- Matre idrettsbane med	350.000
- Nordbygda barnehage	147.902
- Indre Masfjorden barnehage	120.043

Øvrige postar udekka 2012 legg ein til grunn vert finansiert og dekka i 2013.
 - f) kr. 150.000 til utvida krav til bedriftshelseteneste, og ikkje innarbeidd i 2013 budsjettet (teneste 12003).
 - g) Kr. 105.000 av disponible midlar til Kyrkjeleg fellesråd. Udekka behov kr. 400.000 Nordbygda skule, gymsal Restsum kr. 97 938,41 kr avsettes til delinndekning av nytt ventilasjonsanlegg barnehagen på Matre. (Totalt behov ca kr 600 000)

Det skjedde i Formannskapet den 23.04.2013:

Rådmann Svein Helge Hoflundsengen orienterte.

Egil Kvingedal, V, sette fram slikt framlegg til vedtak:

- a) Kr. 105.000 av disponible midlar til Kyrkjeleg fellesråd som førespurd i 2012
- b) Kr. 127.000 vert teke innatt til utbetring av Sleire skulemuseum, taklekkasje. Dekkast av kulturfondet.

Framlegg som går direkte til kommunestyret den 08. mai:

- c) Udekka behov Nordbygda skule, gymsal (400.000) og
- d) Masfjorden sjukeheim (tidlegare kunngjort, vert dekka inn av fondsmidlar (behov ca 500.000)
- e) 97 938,41 kr avsettes til delinndekning av nytt ventilasjonsanlegg barnehagen på Matre (totalt behov ca kr. 600.000.)

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med endringar gjort i møte vart samrøystes vedteke.

KS-025/13 VEDTAK:

- 1) Årsrekneskapen 2012 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 5.983.883,41.
- 2) Årsoverskot 2012 vert nytta til;
 - a) 3,5 mill.kr. vert avsett til disp.fond drift 2.5600.100 (øyremerkt pensjon), og teke som inntekt med 1/10 årleg frå og med budsjett 2013 for å dekke amortiseringsavvik med bakgrunn i inntektsført premieavvik netto i 2012 rekneskapen.
 - b) Overføring av unytta løyving (jf. eiga sak, arkivsaksnr. 12/735 med 300.000,- .
 - c) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000.
 - d) Samhandlingsreforma, unytta av tildelte midlar med 2,3 mill.kr., og medfinansiering med 1.712.000, kr. 588.000 vert avsett til disp.fond samhandlingsreforma.
 - e) Finansiering av udekka i investeringsrekneskapen 2012,

- Matre idrettsbane med	350.000
- Nordbygda barnehage	147.902
- Indre Masfjorden barnehage	120.043

Øvrige postar udekka 2012 legg ein til grunn vert finansiert og dekket i 2013.
 - f) kr. 150.000 til utvida krav til bedriftshelseteneste, og ikkje innarbeidd i 2013 budsjettet (teneste 12003).
 - g) Kr. 105.000 av disponible midlar til Kyrkjeleg fellesråd. Udekka behov kr. 400.000 Nordbygda skule, gymsal Restsum kr. **97 938,41 kr avsettes til delinndekning av nytt ventilasjonsanlegg barnehagen på Matre. (Totalt behov ca kr 600 000)**

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Rådgivevar Alf Strand stilte spørsmål om kulturfondet.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen opplyste om at det er 127.000 på kulturfondet pr dags dato.

Saka vart drøfta.

Det vart stilt spørsmål til referatet frå formannskapet i høve Venstre sitt framlegg og at dette var vanskeleg å forstå. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om Venstre sitt framlegg og at det som låg i tilrådinga frå formannskapet vart rett og at det var det som skulle røystast over.

Dei punkta frå Venstre som ikkje var teke med og røysta over no vil ein ta med seg vidare til budsjettprosessen til hausten. Ein har no nummeret punkta med a,b,c osv. i Venstre sitt framlegg i formannskapet slik at det skal bli lettare å forstå.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	20.12.2012	Masfjorden kyrkjelege fellesråd	Søknad om tilleggsløyving for utlegg til straum i 2012
3	I	10.04.2013	Nordhordland Revisjon IKS	Melding frå revisor til årsrekneskapen
4	I	15.04.2013	Kontrollutvalet v/Vigdis Søvik	Særutskrift frå kontrollutvalet til rekneskap 2012
5	N	17.04.2013	Gerd Allis Håheim	Årsrekneskap 2012 for Masfjorden kommune

SAKSVEDLEGG:

Rekneskap for 2012 for Masfjorden kommune i form av

Rekneskapshefte 2012;

- hovudoversikta & note til rekneskapen
- økonomisk analyse
- Revisjonsmeldinga til kommunerekneskapen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Rådmannen legg fram rekneskapen for 2012 overfor kontrollutval, formannskap og kommunestyret jf. § 10 i føreskrift for kommunale rekneskap.

HØYRING

UTTALE

Revisjonsmeldinga + uttale frå kontrollutvalet 15.april 2013.

FAKTA

Jf. rekneskapshefte

9 søknader om overføring av unytta løyvingar – eiga sak
Finansforvaltning eiga sak
Skatterekneskapen

revisjonsrapporten

VURDERING

Rekneskapen 2012 viser eit bra resultat. Etter at sluttstrek vart sett, er det avdekka nokre føringa/forhold som ville ha styrka resultat 2012, som inntektsføring ressurskrevjande brukarar (inntekt), fondsavkastning frå 1 fond (inntekt), nokre mindre føringa pensjon (utgift), arbeidsgjevaravgift årets premieavvik, ca. 110.000 for lite utgiftsført i medfinansiering samhandlingsreforma i 2012 rekneskapen, variabel løn, netto ca. 1,3 mill.kr. som vert inntektsført/justert i 2013 budsjett og rekneskap.

Investeringsrekneskapen enda med eit større underskot i 2012. Ein del av desse udekka postane reknar ein med fell på plass med finansiering i 2012. Nokre postar, 1 eldre og 2 oppstått i 2012 vert foreslått dekkja av overskot 2012. Matre symjebasseng har eit udekka post med 635.569,- kor samarbeidsavtale idrettsanlegg kan gje rom for ekstra tilskot, elles må denne finansierast.

KONKLUSJON

Ein tilrår at rekneskapen 2012 vert godkjent slik den ligg føre og disponering av overskot i samsvar med tilrådinga. Gjennom rekneskapshefte og saksutgreiinga har ein vektlagt og synleggjort det ein meiner er relevant informasjon frå 2012 rekneskapen til kommunen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	02.05.2013	002/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	08.05.2013	026/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001

Arkivsaknr.: 13/272

SAK 026/13 - ÅRSMELDING 2012 - KRAFTFONDET MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsmelding 2012 for kraftfondet vert teken til vitring
2. Unyttta midlar 2012 med kr. 474.400 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål

Finansiering

Bruk av unyttta midlar kraftfondet 2011 og tidlegare tildelingar som vert trekt

Heimel

§ 7 i vedtektene for kraftfondet

Utskrift til:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Hordaland fylkeskommune
- Innovasjon Noreg
- Revisjonen

KRFT-002/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Årsmelding 2012 for kraftfondet vert teken til vitring
2. Unyttta midlar 2012 med kr. 389.400 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål.
3. Unyttta midlar 2012 med kr. 85.000 vert avsett til landbruk/mjølkekvotar.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 02.05.2013:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Han refererte til delegert vedtak 14/13 om tilskot til mjølkekvote med 82.669 og at det ikkje var avsett midlar for 2013.

Tilleggsframlegg til til pkt 2 i vedtaket:

Unytta midlar 2012 vert avsett til disposisjonsfond med kr. 85.000 til landbruk/mjølkekvotar. Resten blir brukt til bustadføremål.

Det vart stilt spørsmål til årsmeldinga.

Marit Steinestø sa at ho saknar utbetaling til elevbedrift i rekneskapen.

Rådmannen sa at dette skulle han sjekka opp i.

Årsmelding 2012 for kraftfondet vart samrøystes godkjent og tilrådd overfor kommunestyret.

KS-026/13 VEDTAK :

1. Årsmelding 2012 for kraftfondet vert teken til vitring
2. Unytta midlar 2012 med kr. 389.400 vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål.
3. Unytta midlar 2012 med kr. 85.000 vert avsett til landbruk/mjølkekvotar.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Saka vart drøfta.

Øystein Bolset Strand, V, sette fram slikt framlegg til vedtak:

Framlegg til nytt pkt 4 i vedtektene til kraftfondet.

Vedtektene og retningslinjene for kraftfondet vert tekne opp til rullering i løpet av 2013.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over tilleggspunktet frå Venstre.

Framlegget fekk to røyster og fall. (V)

Det vart så røysta over tilrådinga frå formannskapet.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

SAKSTILFANG:

Årsmelding kraftfondet 2012 – eige hefte

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Årsmelding for Masfjorden kraftfond skal leggjast fram som melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år jf. § 7 i vedtektene.

§ 7 Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

FAKTA

Viser til årsmeldinga.

Kraftfondsaker 2012

Sak nr.	Søklar/tiltak	Søkt om		Løyvd		handsama av kraftfondet;
		Tilskot	Lån	Tilskot	Lån	
	Budsjett 2012 - Masfjorden kraftfond					
1.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	19.01.2012
2.	Søknad om tilskot frå kraftfondet - Tove Kristin Sleire Tistel	40 000	0	40 000	0	19.01.2012
3.	Skriv og meldingar	0	0	0	0	19.01.2012
4.	Delegerte vedtak	0	0	0	0	19.01.2012
5.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	17.04.2012
6.	Planprosess strategisk næringsplan	0	0	0	0	17.04.2012
7.	årsmelding kraftfondet 2011	0	0	0	0	17.04.2012
8.	Delegerte vedtak	0	0	0	0	17.04.2012
9.	Skriv og meldingar	0	0	0	0	17.04.2012
10.	Rullering/utarbeiding av strategisk næringsplan	0	0	0	0	21.06.2012
11.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	04.09.2012
12.	Søknad om tilskot kraftfondet til systove	87 000	0	60 000	0	04.09.2012
13.	Rullering/utarbeiding av strategisk næringsplan	0	0	0	0	04.09.2012
14.	Skriv og meldingar	0	0	0	0	04.09.2012
15.	Delegerte vedtak	0	0	0	0	04.09.2012
19.	Godkjenning av møteprotokoll	0	0	0	0	04.12.2012
20.	Søknad om støtte til forprosjekt	100 000	0	40 000	0	05.12.2012
21.	GMU AS - søknad om styrka drift	170 000	0	0	0	06.12.2012
22.	Søknad om tilskot til produktutvikling Stordalen oppleving as	40 000	0	40 000	0	07.12.2012
23.	Delegerte vedtak	0	0	0	0	08.12.2012
24.	Skriv og meldingar	0	0	0	0	09.12.2012
		437 000	0	180 000	0	

Rekneskap Masfjorden kraftfond 2012

	Budsjett	Rekneskap
	2012	2012
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 500 000	-2 599 156
Avdrag utlån frå kraftfondet	-190 000	-944 624
Renteinntekter, utlån	-10 000	-65 094
Sal av turbok	0	-417
Sum inntekter	-2 700 000	-3 609 291
Utgifter: LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2012	350 000	370 014
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	429 463
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	30 000	15 875
Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000	114 771
Tilrettelegging bustadføremål	600 000	0
Elevedrift	30 000	0
Mjølkekvote jf. vedtekne ordning	13 000	0
Andre næringstiltak - hovudvekt GMU m/250.000 + liv og lyst	250 000	280 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000	34 768
Etableringstilskot	440 000	70 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000	20 000
Masfjordsambandet	0	1 000 000
Sum utgifter	2 700 000	2 434 891
utlån		0
ekstra ordinært låneavdrag - tilført fondskapital		-700 000
Unytt 2012:		-474 400
tilråd at unytta midlar 2012 vert avsett til; bustadføremål (og finansiering av tiltak jf. KS vedtak)		

VURDERING

KONKLUSJON

Ein tilråd at årsmeldinga vert teken til orientering

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.04.2013	032/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	08.05.2013	027/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001

Arkivsaknr.: 13/261

SAK 027/13 - ÅRSMELDING 2012 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2012 for Masfjorden kommune vert teken til vitring slik den ligg føre.

Finansiering

Heimel

FS-032/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Årsmelding 2012 for Masfjorden kommune vert teken til vitring slik den ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 23.04.2013:

Årsmeldinga vart gått gjennom og det vart stilt spørsmål.
Nokre trykkfeil vart påpeika og desse vil bli retta opp.

Formannskapet gav ros til ei flott årsmelding som og går ut til alle innbyggjarane i kommunen.

Røysting:

Årsmelding 2012 for Masfjorden vart samrøystes teken til vitring.

KS-027/13 VEDTAK:

Årsmelding 2012 for Masfjorden kommune vert teken til vitring slik den ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Saka vart drøfta.

Røysting:

Kommunestyret tok samrøystes årsmelding 2012 for Masfjorden kommune til vitring.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.04.2013	Kontrollutvalet i Masfjorden v/Vigdis Søvik	Særutskrift frå Kontrollutvalet til årsmelding og rekneskap 2012

➤ Årsmelding 2012 ligg ved i eige hefte

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.05.2013	028/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/303
-----------	---------------------

SAK 028/13 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	12/4979	X	11.03.2013		Nasjonale prøvar 2012
2	13/1593	I	22.03.2013	Gustav Landro	Rapport etter fullført trafikksekkingskurs i Masfjorden 2012-13 (2)
3	13/1838	U	10.04.2013	Utdanningsdirektoratet	Høyringsvar - lokalt gitt munnleg eksamen
4	13/1996	I	15.04.2013	Redd Barna	Oppfordring til kommunestyret om busetting av flyktningebarn
5	13/1934	I	15.04.2013	Kontrollutvalet i Masfjorden v/Vigdis Søvik	Møteutskrift frå kontrollutvalet sitt møte den 15.04.2013
6	13/2105	I	26.04.2013	Helsedirektoratet	Tilskot til etablering og drift av øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i kommunen - utbetaling 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-028/13 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.05.2013:

Ordfører Karstein Totland gikk gjennom skriva og meldingar.

Nytt skriv 7)

Det vart utdelt skriv frå Cecilie Fredheim som sit i Ungdommens Fylkesutval i Hordaland i høve oppstart av ungdomsråd i kommunen.

Det vart litt drøfting i høve dette. Rådgevar Alf Strand sa at det ikkje er så lett å få eit ungdomsråd til å fungera. Masfjorden gjer eit godt arbeide for unge gjennom MOT.

Orienteringar:

- Reiserekningar – møtegodtgjersle der politikarane er valt inn i ymse nemnder som ikkje går over valperioden, men for kortare tid.
Reglementet for godtgjering folkevalde er ikkje klart på dette punktet. Ordfører sa at ein vil ta reglementet opp til evaluering for å få klare reglar for dette.

- Ass. rådmann Sveinung Toft gikk gjennom alle dei kommunale planane med prioritering og oversikt over planar som var ferdigstilt og kva planar som er under arbeid.

Spørsmål:

Bjørn Egil Nordland spurde om stoda for mobildekninga i Indre Haugsdalen.

Ordfører Karstein Totland svara at arbeidet er bestilt og me håpar at det ikkje vil ta lang tid før det er på plass.

Ragnvald Tangedal spurde om korleis det ligg an med adresseprosjektet i Masfjorden.

Ordfører svara at dette har av ymse grunnar teke for lang tid, men saka ligg under avslutning og er av dei planane som er prioritert å bli ferdigstillet, forhåpentleg vis til hausten.

Røysting:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 08.05.2013 vert vitna:

Karstein Totland
Ordførar

Marit Steinestø
kommunestyremedlem

Willy Borge
kommunestyremedlem